

**Til:** Styringsgruppa for kommuneplan areal, plan og miljø

**Fra:** Kristin Nåmdal tenesteleiar plan og analyse

## **Notat**

### **Framdrift på kommuneplanen sin arealdel**

#### **Bakgrunn**

Kommuneplanen sin arealdel er det overordna styringsverktøyet for arealutvikling i Alver. Det er eit juridisk bindande dokument. Prosessen med å utarbeide planen er styrt av plan og bygningslova.

Lova sitt føremål er førande for arbeidet vårt *“Loven skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar”*

Kommunestyre i Alver vedtok i samband med at planprogrammet var til sluttbehandling 24.11.22 at kommuneplanen sin arealdel skulle sendast på høyring i denne kommunestyreperioden. I debatten vart det også signalisert at dersom dette kom til å bli krevjande kunne administrasjonen kome tilbake med ei vurdering av framdrift.

Det har frå administrasjonen vore signalisert til styringsgruppa for planarbeidet at det er krevjande å ha så knapp frist for eit så omfattande planarbeid. Administrasjonen vil med dette notatet orientere om at det ikkje vil vere mogleg å få planframlegg til 1. gang høyring i oktober. Vi vil kort gå inn på årsakene til det.

#### **Planen sitt omfang**

I arbeidet med kommuneplan er det mange lovpålagte utgreiingar og kunnskapsgrunnlag som må utarbeidast. Alver er ein ny kommune, dei tre tidlegare kommunane hadde ulike plangrep, føresegner og kunnskapsgrunnlag knytt til sine kommuneplanar. I arbeidet med kunnskapsgrunnlaga ser vi at det er fleire stader det er behov for ny og oppdatert kunnskap. I intensjonsavtalen for Alver er det slått fast at vi skal sjå på ”beste praksis” i utviklinga av den nye kommunen. I planarbeid er dette svært relevant. Vi vil gjennom erfaring med tre ulike kommunar sine planer, arbeide med å få til ein smidig KPA for forvaltninga, næringslivet og innbyggjarane.

#### **Kunnskapsgrunnlag**

- Kulturmiljøplan - i prosess
- KDP - Naturmangfold- i prosess
- Kjerneområde landbruk - ferdig
- Strandsonekartlegging - ferdig
- Kategorisering av reguleringsplaner- i prosess
- Vekstsoner og sentrumsavgrensing - ferdig
- Handelsanalyse- i prosess
- Vedtak av grenseverdiar for risiko og sårbarheitsanalyse - ferdig

Desse kunnskapsgrunnlag må vere ein del av vurderingane i arbeidet med KPA, dersom dette ikkje er på plass vil det resultere i motsegn frå statlege og regionale mynde, knytt til manglande kunnskapsgrunnlag.

Kommunedirektøren ser det også som svært viktig at vi får eit godt kunnskapsgrunnlag på andre tema, som og handlar om korleis vi føl opp samfunnssdelen sine mål. Vi arbeider med kunnskapsgrunnlag på vurdering av kaier, næring spreidd områder, næringsanalyse kytt til areal, tema knytt til mobilitet, og kommunen sitt eige arealbehov.

Vi arbeider heilskapleg med planer i Alver. Det er ein del av den vedtekne organisasjonsstrukturen vår. Det er nå er det fleire planer som er i prosess som har stor tyding for arealbruk og desse må sjåast opp mot KPA-arbeidet.

- VA - rammeplan - vil ha tyding for etablering av nye bustadområde
- Bustadplan - vil ha tyding for kvar vi finn areal innan det kommunale bustadfeltet
- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Det er vedteke at innspel til areal knytt til kultur, idrett og friluftsliv skal behandlast i kommuneplanen sin arealdel.

### **Medverknad**

Plan og bygningslova har krav til medverknad i planarbeid: "Planlegging og vedtak skal sikre openheit, forutsigbarhet og medverknad for interesser og mynde"

Alver kommune er tydlege i planstrategien at vi skal arbeide målretta med medverknad. Dette er det og kome gode tilbakemeldingar på korleis vi arbeider med.

Planutvalet tok eit grep i forhold til medverknad med å orientere innbyggjarane med sms –varsle om planoppstart. Vi har fått inn om lag 630 konkrete arealinnspeil til planen. Det er uvanleg mykje. Det er vedteke ein grovsilingsmetode, men i arbeidet med innspeil ser vi at det og tek tid med grovsiling. Dette er oppgåver det er krevjande å "automatisere." Vi må ha fleire prosessar og sjekke forskjellige kategoriar for kvart innspeil også i grovsilinga.

Det er auka etterspørrelse etter møter med innbyggjarar og næringsliv og å svare på telefon og e-post.

Lindås bygdelag og Bøvågen bygdelag er døme på bygdelag som har teke kontakt og ynskjer vidare dialog. Vi har vurdert det slik at det vil vere nyttig å ha møter/verkstader i lokal og nærsentra i prosessen med planen.

### **Plangrep**

Det er viktig med god dialog med regionale og statlege mynde i prosessen. Vi ynskjer å sjå på alternative måter å løyse målsetjinga om at vi skal ta heile kommunen i bruk. Vi arbeider med ein metode for å få lagt inn areal til bustader i bygder og grender. Dette må gjerast i dialog med statlege mynde. Det er avtalt møte med statsforvaltar 19. juni.

### **Oppsummert**

Kommunedirektøren vil med dette notatet orientere styringsgruppa at det er ikkje er realistisk å få kommuneplanen sin arealdel til 1. gangs høyring i oktober 2023. Vi må bruke meir tid i denne fasen av planen for å få eit godt gjennomarbeida plan, med oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det er også eit viktig moment å unngå unødvendig motsegn frå regionalt og statleg nivå, frustrasjon frå innbyggjarar og næringsliv som ikkje får med seg prosessen.

Kommunedirektøren kjem attende med ein detaljert framdriftsplan i neste styringsgruppemøte.